

## Saksprotokoll i 26.03.2020 - finansutvalet

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

" Tillegg:

Årshjul

Møtet i mai: koronapandemien - konsekvensar for budsjett 2020, 2021 og økonomiplan”

Fylkesrådmann - Håkon Rasmussen

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF, V, SV, A, MDG og Sp fram slikt forslag:

“Tillegg:

Punkt 4

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfylingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.”

### Avrøysting

Prosessvedtak 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 2 vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 3 vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 4 vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 5 vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 6 vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 7 vart samrøystes vedteke.

Prosessvedtak 8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Finansutvalet viser til framlagt arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet godkjenner forslaget til årshjul for budsjettprosessen 2021 med slikt tillegg:  
Møtet i mai: koronapandemien - konsekvensar for budsjett 2020, 2021 og økonomiplan.
2. Finansutvalet tek orienteringane om rekneskap 2019 og budsjett 2020 - økonomiplan 2021-2024 til vitande.
3. Finansutvalet tek orienteringa om arbeidet med det administrative effektiviseringsprogrammet til vitande.
4. Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfylingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.

5. Finansutvalet tek statusmeldinga vedkomande klimabudsjett til orientering.
6. Finansutvalet tek fylkesrådmannen si orientering om handlingsreglar til vitande.  
Finansutvalet godkjenner at følgjande måltal/handlingsreglar vert lagt til grunn for arbeidet med budsjett og økonomiplan:  
Netto driftsresultat: 4 %  
Gjeldgrad: 115 %  
Disposisjonsfond: minimum: 5 %  
Finansutvalet godkjenner at 50 % av rekneskapsoverskotet skal gå til å erstatte låneopptak.

7. Finansutvalet tek orienteringa om eigendelar til vitande og ber om at det vert utarbeidd oversyn over den samla eigedomsmassen i Vestland fylkeskommune.
8. Finansutvalet tek fylkesrådmannen si orientering om neste møte i finansutvalet til vitande.